

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN REKNESKAP FOR 2013

Førebels tal pr. 01.12.2013

Resultat/KTV 2013

	2013		2012	
Medlemspengar		2 600.00		2 600.00
Overnattingar		18 360.00		32 780.00
Lagsdrift	235.00		442.00	20.51
Straum	8 808.63		5 308.55	
Kom.avg/renovasjon	5 043.00		6 262.50	
Forsikring	4 791.00		4 818.00	
Driftsutg./vedlikehald	6 822.58		8 802.00	
Overskot	(4 740.21)		9 767.46	
	20 960.00	20 960.00	35 400.51	35 400.51

Balanse

	31.12.13		31.12.12	
DNB	4 564.58		18 222.21	
Sunnabu	150 000.00		150 000.00	
Kreditor: Lars Olav		38 779.17		47 696.59
Lån medlemer		80 000.00		80 000.00
Eigenkapital		35 785.12		40 525.33
Ørebalanse		-0.29		
	154 564.29	154 564.29		
Endring eigenkapital		-4 740.21		

Førebels rekneskap for 2013. Det endelege rekneskapet pr. 31.12.2013 vil bli revidert før årsmøtet i januar.

# Sunnavind *God Jul!*

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2013  
94. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>

## Årsmøte i Bygdelaget Sunnhordlendingen

**Torsdag 30. Januar 2014**

Stad: Hjø Kirsti og Lars Olav, Ravnestølen 178.

Sakliste:

1. Årsmelding for 2013 .
2. Rekneskap for 2013 .
3. Medlemskonting.
4. Drift av Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.



Trefelling på Sunnabu. Hytta dukkar fram frå skogen.

Meld frå til tlf. 90616359 om du kjem på årsmøtet. Følg også med på internettssidene for oppdaterte sakspapir og annan informasjon.

## Plan for drift av hytta våren 2014:

(sjå også <http://sunnhordlendingen.no/utleige.htm> )

Ei helg kvar månad disponibel for alle medlemer: Hytta blir då ikkje utleigd dersom nokon melder seg interessert i å koma (frist torsdag):

17.-19. januar: Sesongstart. 14.-16. februar: Vin- og biffkveld. 13.-16. mars:

Veterantreff. 25.-27. april: Solbading.

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemer eller andre.

### **Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):**

#### **For utleige ei helg:**

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid.

#### **Dei helgane hytta står disponibel for medlemmer (ei helg kvar månad):**

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nytta hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleigd (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

#### **Vinterferie 2014 (24. februar-28.februar)+helga før eller etter:**

Utleige til markedspris (min kr. 5 000 , kr. 3 500 for medlemmer). Tildeling mellom dei som har meldt interesse, torsdag 16. januar kl. 19.00. Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemmer etter prinsippet "først til mølla".

#### **Påskeferie med palmehelg 2014 (11. april-21. april) (kan f.eks. delast i to):**

Fordeling skjer torsdag 16. januar kl.19.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid.

### **19 medlemmer i Sunnhordlendingen i 2013** (dei som betalte giroane som vart sendt ut i desember 2012):

Milal Heldal, Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Gunnbjørg Skålevik, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnelid, Olav Bjørgen, Reidun Rusås, Reidar Rusås, Vegard Havikbotn.

Dersom du ser at du har gløymt å betale, så var medlemskontingenten Kr. 200 for 2013. Kontonr. 0540 08 55937. Det blir sendt ut nye giroar for 2014 med dette nummer av Sunnavind.

### **Årsmelding 2013 for Sunnhordlendingen.**

Årsmøtet 2013 vart arrangert 17. januar hjå Kirsti og Lars Olav. Innkallinga var sendt ut med Sunnavind i desember og elektronisk på Sunnhordlendingen.no.

Dette var årsmøte for både 2011 og 2012. Årsmelding og rekneskap for begge åra vart godkjent. Medlemskontingent for 2013 art sett til 200,-. Drift av hytta vart diskutert.

Valg:

Formann: Lars Olav Tveita Kasserar: Vegard Havikbotn  
Skrivar: Jan Steinar Urdshals. Styremedlem: Ronny Nedrevåg  
Varamedlemer: Olav Bjørgen, Inga Tveito, Ragnhild Hanssen Nedrevåg  
Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik og Atle Tornes.

#### **Rådet:**

Anne Sofie Totland 5 år, Olav Bjørgen 4 år, Kari Årbakke 3 år, Atle Tornes 2 år, Kirsti Havikbotn 1 år

### **Sunnabu.**

Det er ikkje så mange medlemmer som har brukt hytta siste året, men det har vore ein del utleige. Hytta har gått med underskot. Det er faste utgifter inklusiv straum kvart år på ca. 25000,-

Har du naboar eller kolleger som kan tenkja seg å leige hytta, så gi dei adressa:

<http://sunnhordlendingen.no/hytte.htm>

### **Dugnadsarbeid.**

Nesten heile hytta er nymåla i haust. Taket har fått nødvendig reparasjon. Vi har lenge sett at skogen rundt hytta byrja bli voldsom stor. Ein skikkeleg storm kunne gjerne leggja dei kjempedigre trea ned på hytta. Dessutan var hyttablitt veldig inneklemd. Vi fekk difor ein avtale med ein hyttenabo som ville ha meir sol, om å ta ned skogen. Han har tatt med tømmerstokkane heim for kløyving til ved og tørking, og så skal vi dele veden. Neste år held vi fram med å ta ned trea på grensa mellom Fjellkammeratane og oss. Den store furua som kvar ettermiddag tok sola i solkroken, har vi også tatt ned etter avtale med Fjellkameratane. No får vi sol på frukostbordet inst inne i hytta og sol i solkroken heile dagen! Innvendig vil vi prøve å få ommøblert kosekroken. Vi vil prøve å få tak i ein hytte-hjørnesofa og så snu møblane slik at vi kan ha ein TV-flatskjerm på veggen mot soverommet.

Soverommet innafor kjøkkenet er nesten aldri i bruk til anna enn oppbevaring av mat. Kanskje burde vi slå saman dei to soveromma til eitt med plass til ei dobbelseng og eventuelt ei smal overkøye. Dermed kunne rommet høva som familierom.

Det vil i så fall vera aktuelt å isolere rommet - både veggjar og tak og skifte vindu.